

# LeiKre - ei kollektiv utforsking i leire

Av Gro Merete Eide, Ingrid Skarprud



© Gro Merete Eide, Ingrid Skarprud  
Institutt for kunstfag

Høgskulen på Vestlandet  
2023

HVL-notat frå Høgskulen på Vestlandet nr. 2023-11

**ISSN** 2703-710X

**ISBN** 978-82-8461-054-2



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.  
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

## **Samandrag**

LeiKre stiller seg i ein kunstnarisk tradisjon med å utforske leira sin materialitet. I dette prosjektet ser vi på korleis barn sine prosessar kjem fram i det kollektive der ein har opne rammer og store mengder materialar tilgjengeleg. Med utgangspunkt i erfaring frå praksisfeltet og undervisning frå barnehagelærerutdanninga, vidareførte vi denne utforskinga saman med barn under Festspillene i Bergen. Her opplevde vi at barn si leikande tilnærming støttar dei i prosessar som tar tak i det forgjengelege. Erfaringar frå LeiKre gjer at vi vil argumentere for at prosessar, som endar med å dekonstruere produkta, er med på å opne opp for utforsking og leik.

Dekonstruksjon som del av prosessen tar vi vidare inn i undervisninga, der vi ønsker å utdanna barnehagelærarar som har ei forståing for korleis ein kan leggja til rette for materialmøter for barn - der fokuset er på utforsking og ikkje på produkt.

EMNEORD: barnehagelærerutdanninga, leire, leik, materialmøter, utforsking.

# **Forord**

Dette prosjektet var ein del av det offisielle programmet for Festspela i Bergen – Småspill 2022. Prosjektet baserer seg på erfaringar frå undervisning, praksisfeltet og er inspirert av samtidskunstfeltet. Det er eit prosjekt vurdert innafor kunstfaglege forskningsformer – KFF.

# Innhald

Samandrag .....	3
Forord .....	4
Innhald .....	5
LeiKre .....	6
Barn som med-utforskarar .....	11
Proessen .....	12
Samskaping i materialet.....	16
Kunstnarisk samanheng .....	17
Ny innsikt .....	20
Litteratur.....	22

# LeiKre

LeiKre – ei kollektiv utforsking i leire, er eit prosjektet som er festa i eigen praksis i barnehagelærarutdanninga. Møta vi og studentane har med materialet leire, dannar grunnlaget for dette prosjektet. Korleis møter ein eit materiale som menneske, og korleis legg ein til rette for å kunna utforska dette materialet saman med små barn? Det er i denne konteksten dette prosjektet oppstod – i møte med Festspillene sine ønske om å lage ein kunstfestival for og med barn og unge i 2022.

I LeiKre vart barna presentert for materialet på tre stasjonar. På den eine var det modellering av leire. Her var møtet mellom barn og eit plastisk materialet det interessante. Materialutforskinga vart ståande på HVL og plassert inn i ein større kollektiv samanheng. Ved den andre stasjonen fekk barna testa ut leira på ei dreieskive. Her var det ein dreiekyndig vaksen med i samspelet med hender, leire, sentrifugalkraft og vatn. På den siste stasjonen tok barna med seg det dei hadde dreia og kasta det mot ein “vegg”. Vi hadde rigga opp ein presenning ute – som barna kunne kasta leireformene mot.



*Stasjon med modellering av leire*



Med bakgrunn i dette har vi arbeidd med følgende kunstnarlege undersøkingsspørsmål:

Korleis stiller ein seg til spor etter ein kollektiv materialutforsking der kroppslege og utforskande prosessar hos barn står sentralt i møte med leire? På kva måte kan dette bidra til ein kunstnarleg praksis for barnehagelærarar, der prosess og kollektivitet står sterkare enn resultat og produkt?

*LeiKre* er ein kollektiv prosess, der born og material er likestilte og ein jobbar med ei prosessbasert utforsking. I ein materiell-kollektiv prosess vil material og omgivnader vera viktige aktørar i det skapande arbeidet. «I materiell-kollektiv praksis handler en slik utforskning av fellesskap om å *la hendelser med materialer* være i sentrum» (Klungland, 2023, s. 99).





*Dreining i samspel med vaksen*

Foto: Johanne Karlsrud



*Kasting av leira*



I festspjelkatalogen står prosjektet beskrive slik: «Tid for actionlek på keramikkverkstedet! LeiKre – eller leik med leire, om du vil – byr på eksplorative erfaringer. På verkstedet får du teste dreieskiven og kjenne hvordan leiren føles i hendene dine. Sammen med andre deltakere får du modellere og forme leiren som du vil. Denne gangen er det imidlertid ikke et ferdig produkt som står i fokus, det handler om prosessen, om å teste, forsøke, prøve, feile. Og når eksperimentering er over, er det lov å slenge leiren i veggen! De fysiske sporene etter små og store keramikere utvikler seg etter hvert til en felles installasjon «Action clay!» (Festspillene i Bergen, 2022).



Barna fekk vera saman med materialet over lengre tid og i ulike situasjonar. Hendingane vart, som Klunland (2023) omtalar, det sentrale. Ein la til rette for at materialet skulle utforskast på ulike måtar og la ikkje inn forventningar om eit ferdig resultat. Dei kroppslege bevegelsane i møtet med materialet sette sine spor. Barna vart møtt med éin type leire. Dette gjorde at materialutforskinga visuelt verka som ein kollektiv installasjon. Den grå ubrunne leira framstod som

ein heilskap, sjølv om dei ulike figurane som vart skapt ikkje hadde eit felles formspråk. Dei fleste figurane som vart presentert hadde ein handterleg størrelse. Barna jobba stort sett med ein størrelse som tok omsyn til deira egne hender. Her tenker vi at tidsperspektivet har ei tydning. Dessutan inviterte installasjonen, gjennom si utforming, barna til å produsere fleire objekt for å skape ei mengde. Hadde vi starta på ein installasjon der vi sette saman dei ulike figurane, ville dette skapt ein invitasjon som kanskje kunne bidratt til forming av større objekt. Slik ville dei ulike bidraga vorte ein del av ein større samanhengande skulptur.



## Barn som med-utforskarar

Rammene for utforskinga hadde vi regien over, men barna utforska saman med oss i dette moglegheitsrommet som materialet leire gav. Dei vart med-utforskarar i ein verkstad saman – både individuelt og kollektivt. Vår haldning var å sjå barn som kompetente i møte med materialet. Vi innlemma borna som med-utforskarar i dette prosjektet. Dette var dei ikkje klar over i starten. Spora av handlingane vart delar av ein større samanheng. Kven den enkelte er, var ikkje viktig for oss - det var det kollektive og den kollektive prosessen som vart viktig. Spora av dette vart presentert som ein heilskap, der alle bidraga fungerte som stemmer i eit talekor.

Barna som deltok på *LeiKre* var innom på ulike tidspunkt. Nokre born var med på starten, der dei la grunnlaget for den kollektive installasjonen, mens andre kom på slutten av dei to dagane og vart møtt med tydelege spor etter mange andre barn. I møtet med det fysiske miljøet vil ulike aktørar vera med å påverke korleis ein opplever rommet. Vi skapte ein verkstad i Foajeen. Når ein kjem inn i denne kunstnariske verkstaden vil ein kunne oppfatte kva som blir forventa i rommet. Bente Fønnebø ser til Rigsted og Froda (2001) som klassifiserar fire ulike verkstader. Her løfter dei fram kva ein verkstad kan vera og kva som kjenneteiknar ulike typar verkstader (2014, s. 257-265). Vi skapte ein mobil verkstad som vart laga til Småspill og som vart ståande i to dagar. Vi observerte korleis born og vaksne tok i bruk verkstaden og korleis denne verkstaden også vart ein del av den skapande prosessen - både for barna og oss.



## Proessen

Barna som møtte *LeiKre* undervegs i prosessen vil kunne la seg påverka av dei som tidlegare har vore og arbeida i installasjonen. Vi antar at barna lar seg påverke, både av utforming og størrelse. Vi kunne ha vore med på å påverke meir frå starten. Både når det gjeld størrelse på objekta som vart skapt og på kva måte ein ville skape forbindelsar mellom dei ulike objekta som vart produsert. I eit vidare arbeid kunne det ha vore spennande å sjå på korleis ein kunne lagt til rette for at kvar deltakar skulle kople seg på det som allereie var skapt og på den måten fått til nokre tydelege koplingar mellom dei ulike bidraga. Då hadde det kollektive prosjektet blitt endå tydlegare.







Det kunstfaglege utviklingsarbeidet er forankra i prosessen som skjer her og nå saman med barna og materialet. Det er det kollektive materialmøtet som er essensen i det kunstfaglege arbeidet, og det er i det prosessorienterte handlinga vi utforskar kunsten. Når vi ser på prosessen som det essensielle, er det naturleg for oss at resultatet av denne prosessen held fram i uterommet på HVL, der naturen tar tilbake materialet og det gradvis mistar forma si og forsvinn. På lik linje som barna, der dei kastar dreia objekt i veggjen som blir liggande igjen som spor etter ein prosess, vil installasjonen med figurane bli dekonstruert. Materialet forsvinn ikkje, men held fram med å vera materiale.

Barn sine kroppslege interaksjonar i møte med eit materiale verkar inn på den skapande prosessen. Ann-Hege Waterhouse (2021) har i si doktorgradsavhandling undersøkt korleis barna si kroppslege og sansande utforsking må sjåast i ein samanheng, og ho ser at denne samhandlinga utløyser eit potensial for skapande prosessar (s. 18). I *LeiKre* deltok barn i ulike alder, men vi arbeider med utgangspunkt i barnehagebarn og deira behov for å møte material på ein leikande og utforskande måte. Med det som utgangspunkt, var det viktig for oss at prosessen og den forgjengelege leiken med materialet hadde ein sentral plass. Dette skulle føre til eit kollektiv resultat, der dei individuelle bidraga skulle vera basert på utforsking og leik, og skulle leie barna vekk frå å fokusere på resultat. Når ein legg til rette for prosessar som ber preg av utforsking og leik må ein tole at den ustrukturerte forma kan opplevast som kaos. Waterhouse (2021) definerer materialutforsking i barnehage som ein prosess [...] «som utfolder seg innenfor noen rammer hvor et lite stykke kaos fanges inn, dveles ved og undersøkes.» (s. 139). Når barna i prosjektet vårt skulle dreia og kasta, låg det nokre naturlege motsetningar i sjølve det skapande. Her gav dreieskiva tydelege føringar for korleis ein måtte ta omsyn til materialet. Når ein legg ein klump med leire på skiva, og den byrjar å gå rundt, må ein på ein eller annan måte ta omsyn til materialet. Tilnærminga til denne prosessen er ulik frå barn til barn. Her er det fleire interessante faktorar som spelar inn. Alderen og erfaringa som barn sit med viser om dei har vore borti eller blitt forklart kva ei dreieskiva er. I stor grad tenker eldre barn mot bruksgjenstandar og vil fort prøve å forme leira i den retninga, mens dei yngre barna frydar seg over den våte leira



som dreiar rundt inne i handa deira. Nokre stikk forsiktig ein finger bort for å kjenne, mens andre lener seg over og nyttar seg av begge hendene for å kjenna på leira med heile kroppen. I møte med materialet på dreieskiva er det hand og våt leire som dreiar rundt, som står i fokus. Her erfarte vi at dei yngste barna har ei meir sanseleg utforsking. I ein slik prosess vil dreieskiva gi nokre klare rammer, med opning for den enkelte til å å tilnærma seg materialet, verktøyet og avslutninga på ulik måte.

Under Småspill er det to dagar, ein familiedag og ein der barnehage og skule er på besøk. Vi opplevde store forskjellar på korleis barn vart følgt inn i aktivitetane. Dette er naturleg på grunn av ulik vaksentettleik. Pedagogisk personale verkar relativt lite førande og tar ein meir tilbaketrekt rolle der dei lar barna få oppleve, utforske og sansse før dei legg nokre tydelege føringar for kva som skal skje. Dette står i motsetnad til møte med foreldra og barn, der ein allereie i køen til dreieskiva kunne høyre korleis dei forklarar barna kva ei dreieskive er og korleis ein kan bruke den. Når barna då kjem fram til dreieskiva er ei skål eller ein kopp allereie langt framme i medvitet. Som ei avslutning på dreieøkta skulle ikkje dette som vart produsert bli brent og gitt tilbake, men heller bli kasta i veggen og ende opp som ein haug med flate dreidde objekt. Barna var etter det vi erfarte alltid positive til dette. Dei likte denne prosessen, og bar med glede den blaute og lealause leira bort til veggen for å kaste henne. Foreldra sette gjerne ord på at dei synest barnet hadde vore flinke til å dreie og stilte spørsmål ved om barnet verkeleg ville kaste den fine skåla i veggen.

## Samskaping i materialet

Leira er formbar og kan utforskast på ulike sett. I *LeiKre* var det tre stasjonar; forming, dreining og kasting. For prosjektet var det viktig at barna kunne velje mellom ulike måtar å møte materialet på. «Ut fra et formingsfaglig perspektiv er materialers transformasjonspotensialer vesentlig for hvordan materialer og barn i relasjonar former og formes» (Waterhouse, 2021, s. 52). Relasjonen mellom dei ulike stasjonane og barna utgjorde eit fellesskap. Det var ulikt kor lenge barna var til stades i kunstaktiviteten. Nokre låg på golvet i fleire timar, der dei utvikla seriar av figurar som vart ein del av den voksande installasjonen, mens andre omgåande stilte seg i kø for å dreia ein gong til. «Å forme i plastiske materialer som leire kan gi de yngste barna innganger til materialtransformerende opplevelser som kan vise hvordan kroppslige handlinger endrer og former materialer i verden med henders kraft (Waterhouse, s. 285). I *LeiKre* var det ulike måtar å forma leira på, og ved å tilføre ein performativ del der dei skulle dekonstruere det dei hadde skapt, tilførte vi ein ny og annleis dimensjon til korleis ein kroppsleg kan oppnå det Waterhouse omtalar som materialtransformerende opplevingar med eit materiale.

## Kunstnarisk samanheng

I eit prosjekt som Leikre er det naturleg å sjå til materialutforsking i samtidskunsten, slik vi òg har posisjonert oss i høve til det kunstpedagogiske fagfeltet. Der vi tidlegare har plassert oss i ei material-kollektiv utforsking knytt til Klungeland og Waterhouse, vil vi nå sjå på koplingar mot materialutforsking i leira knytt opp mot samtidskunsten. Arbeidet vårt står difor òg i ein kunstformidlingstradisjon. I denne samanhengen er den eit av utgangspunkta for vala våre.

Katrine Køster Holst har i stipendiatprosjektet sitt, «Mineraler og naturfenomener – kunstneriske uttrykk gjennom regelbasert forskning» undersøkt korleis ein kan ta i bruk naturen sine eigne prinsipp og ser på korleis naturen har si eiga naturlege formdanning. Denne utforskinga har ho tatt med seg vidare inn i prosjektet “Leirens kollaps – derhen og derfra”, der ho frå 2020- 2022 utforska ti tonn leire ved Senter for keramisk kunst i Ringeby. Her inviterte ho inn ulike kollegaer som jobba med performance, lyd, foto, dans og tekst i eit eksperimentelt møte med leireinstallasjonen (Slette-meås, 2021). Køster Holst nærmar seg leira på ein eksperimentell måte, der ho ofte nyttar seg av performative møter med materialet. I *Leikre* er me inspirert av hennar arbeid *Kaste* (2010) der ho i ein performance dreidde objekt og kasta dei direkte inn i veggjen. I dette verket vil ho vekk frå leira og keramikken sin sterke kopling mot funksjon og vil få fram dei estetiske kvalitetane i materialet (Coirier, 2013). Køster Holst [...] “er opptatt av å forstå formenes språk: deres opprinnelse og hvordan de forflytter seg og forandrer seg over tid. Det er disse egenskapene som interesserer meg – uansett om det handler om natur eller kunst.” (Haugland, 2019).

Brit Dyrnes er ein keramisk kunstnar som utforskar materialiteten i leira på ulike måtar. Ho eksperimenterer med leira, og det abstrakte uttrykket kan gje eit inntrykk av at ein ser på rein natur (Eidsvik, 2023, s. 32). I Dyrnes sine arbeid får det naturskapt ein eigenverdi. I ei nyleg utgitt katalogtekst refererer Toril Redalen til Tim Ingold sine tankar om at materialitet kan forståast både som tingen den er og tanken rundt den. Ho seier at det kan oppstå ein dualitet i møtet

med leira, der naturen sin materialitet og leira si tilkopling til naturen vil endre seg når ein i neste augeblikk tek omsyn til korleis leire og keramikk er ein del av det samfunnet vi menneske har skapt (Redalen, 2023, s. 111-112).

Andy Goldsworthy arbeider med tid i si utforsking av naturmaterialar. Hans kunstnarlege produksjon viser korleis han bruker materialar som ein indikasjon på tid. Objekta og installasjonane han lagar vil over tid alltid kunne gå tilbake til si originale form. Goldsworthy har utforska korleis ein kan lage store installasjonar med leire på vegg og har utvikla dette sidan den første vart til i 1996 i Haines Gallery, San Francisco (Goldsworthy, 2000, s. 8). I dette arbeidet, som har blitt gjennomført fleire gonger, tørkar leira på veggen og sprekk opp.

Antony Gormley arbeider i sine verk, *Fields*, med materiell- kollektive prosessar. Han har reist til fleire område i verda og invitert med seg store grupper til å vera med å produsere små menneskeliknande skulpturar. Skulpturane skal ha ein størrelse som passar inn i handa og hovudet skal proporsjonalt passe til kroppen og ha to djupe auge. I størrelse er *Fields* massiv. Den største produksjonen er på 40.000 figurar. I møte med figurane vil ein undre seg over kven som eigentleg observerer kven? Desse figurane, med auge som ser rett på deg, har eit blikk som gjer at ein tenker at dei mest av alt ser inn i seg sjølv (Searle, 1996). Sjølv om figurane er individuelle, gjev mengda eit inntrykk av ei masse. Ved å produsere ein mengde, vil ein skape eit fellesskap i uttrykket. Dette skjedde og i *LeiKre*, sjølv om mengda ikkje kan måle seg med det som Gormley har i sine verk. Utstillinga vart verande ein månad, og alle som ville kunne observere leira si nedbryting utanfor i foajeen ved biblioteket.



### *Dei ulike skulpturane si naturlege nedbryting*

*LeiKre* stiller seg i ein kunstnarisk tradisjon med å utforske leira sin materialitet og korleis ein kollektivt og ved hjelp av mengde kan relatere seg til arbeidet med den. Vi utforskar prosessen og legg til rette for at denne skal vera open og utan anna resultat enn at leira skal gå tilbake til sine naturlege tilstand. Ved å nytte seg av materialiteten i utforskinga og utprøvingane legg vi til rette for at barn og barnehagelærarar skal sitte igjen med nokre kroppslege erfaringar som vil ha betydning i deira skapande virke. Gjennom i tillegg å tilføre ei ramme som inneber dekonstruksjon, ønsker vi å oppnå ein friare tilnærming til utforskinga samstundes som studentane tar med seg nokre kroppslege erfaringar inn i profesjonen sin.

## Ny innsikt

Vi opplever at barn si leikande tilnærming støttar dei i prosessar som tar tak i det forgjengelege. I *LeiKre* la vi til rette for utforsking i materialet, og rammene gjorde at det endelege resultatet skulle forsvinne. Dette skapte ei ramme for utforsking som fjerna presset på kor prosessen skulle ende. Å kaste eit produkt i ein vegg, slik at det blir flatt og havnar i ein haug, vil slik vi erfarte ikkje skape noko prestasjonspress. Erfaringane frå *LeiKre* gjer at vi vil argumentere for at prosessar, som endar med å dekonstruere produkta, er med på å opne opp for utforsking og leiking. Den leikne tilnærminga fell naturleg for borna, og det er ein prosess dei vaksne i større grad må øva seg på. Erfaringar med møtet med foreldre gjer at vi i større grad ser betydninga for å legge til rette for at studentar får erfaring med kollektive materialutforskingar der dekonstruksjon er ein av premissa i undervisninga.

Å vera utforskande er noko Rammeplanen for barnehagen nemner fleire stader. I kapittel 3. under Barnehagens formål og innhold heiter det til dømes at “Barna skal utvikle kunnskaper og ferdigheter innenfor alle fagområder gjennom undring, utforsking og skapende aktiviteter og personalet skal støtte og berike barnas initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet, læringslyst og tiltro til egne evner” (Kunnskapsdirektoratet, 2017).

Vi ønsker å knytte våre prosessar i dette arbeidet til barn sin utforskande veremåte, med fokus på møter med materiale. Våre erfaringar tar vi med oss attende til studentane og dei oppdraga dei får i møte med materialet leire i si utdanning. Vi ønsker å utdanna barnehagelærarar som har ei forståing for korleis ein kan leggja til rette for materialmøter for barn - der fokuset er på utforsking og ikkje på produkt. Vi ser også at dekonstruksjon, der ein tar frå kvarandre det ein har skapa, kan vera ei interessant ramme for å oppnå dette.

Det er det sanseselege møte med eit materiale vi vil utforske saman med born. Proessorientert materialutforsking skapar opplevingar og erfaringar. Det skapar ikkje noko press eller fokus på eit ferdig produkt. Å få øydelegge og vera ein del av dekonstrueringa blir sjølv den skapande prosessen.





*Dei dekonstruert dreide objekta*

# Litteratur

Coirier, L. (2013). Ceramics on site. TL Magazine. Henta frå: Ceramics on site by Katrine Køster Holst at Révélations – TlMagazine

Eidsvik, G. (2023) Æ vil ut å finn, ut å græv! I B. Dyrnes. Lyden av leire. Orfeus

Fønnebø, B. (2014). Kunstneriske bevegelser i barnehagen. Cappelen og Damm Akademiske.

Festspillene i Bergen. (2022) Småspillforestillinger 2022. <https://fib.no/skole/smaspill-forestillinger/>

Goldsworthy, A. (2000). Time. Thames & Hudson

Haugland, A. G. (2019) Kunsthåndverk. Henta frå: [https://www.koesterholst.com/wp-content/uploads/2020/03/Formernes-spraak\\_KKH\\_AGH-NorskKunsthandaandverk2019.pdf](https://www.koesterholst.com/wp-content/uploads/2020/03/Formernes-spraak_KKH_AGH-NorskKunsthandaandverk2019.pdf).

Klungland, M. (2022). Materiell-kollektiv praksis som pedagogisk tilnærming for kunst og håndverk. I L. Skregelid & K. N. Knudsen (Red.), Kunstens betydning? Utvidede perspektiver på kunst og barn & unge (Kap. 4, s. 95–116). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.163.ch4> Lisens: CC BY-NC-ND 4.0

Redalen, T. (2023). Alt over alt samtidig. I B. Dyrnes. Lyden av leire. Orfeus

Searle, A. (1996). Field For The British Isles. Pamphlet: Field For The British Isles, Hayward Gallery. Henta frå: Texts – Antony Gormley

Slette-meås, E. (2021). Leirevariasjoner. Kunstavisen. Henta frå: Leirevariasjoner (kunstavisen.no)

Waterhouse, A-H. (2021). Materialpoetiske øyeblikk. En a-r-t-ografisk studie av små barns eksperimentelle materialprosesser i barnehagen. (Doktorgradsavhandling). Universitetet i Sørøst-Norge.